



Adresseeining

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1139 - 14/3289

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:
07.03.2014

Adressetildeling Nordsundet 20

Administrativt vedtak. Saknr: 33/2014

Saksutgreiing:

Massiv adressetildeling for heile Meland kommune vart gjennomført i 2007. Endringar og nyadresseringar vert føreteke kontinuerleg ved enkeltvedtak.

På denne eigedommen er det einebustad som enno manglar offisiell adresse. Ved massivregistreringa i 2007 vart eigedommen tildelt adresse til Drageneset. Dette vart påklaga og adresseringa skulle vente til ny vegutløyising var på plass gjennom oppstarta reguleringsplan for «Nordsundet».

I kommunestyrevedtak 054/08 vart Nordsundet vedtatt som namn på den nye adressevegen her. No er planen godkjent og avkøyringane til det nye planområdet er delvis frå den eksisterande adresseparsellen Drageneset, som startar ved krysser Fv 245 og går til Drageneset, og delvis frå sidearm som går ned til dykkar eigedom. Det er denne sidearmen, frå krysset ved veggen til Drageneset og ned til dykkar bustadhus, som har fått adressa Nordsundet.

Det er no eit nasjonalt prosjekt på gang som skal sikra at alle eigedommar i heile landet skal få tildelt offisielle adresser. I Meland er dykkar eigedom no ein av 3 som ikkje har fått gateadresse. Dei andre 2 har ikkje vegtilkomst/ høyrer ikkje til noko adresseparsell.

Posten har også nyleg kontakta kommunen og innstendig bede om at dykkar eigedom også vert tildelt offisiell adresse. Med nytt postomdelingssystem som er lokalisert i Bergen har dei problem med å få posten fram til dei som ikkje har gateadresse.

Offisiell adresse er også svært viktig for at utrykningskøyrety som ambulanse og brannbil skal finna fram.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Dykkar ynskje om å halda på Litlebergen som adresse kan ikkje verta innfridd. Litlebergen er eige adressenavn som er avgrensa til vegsystemet sentralt i tettbusbebyggelsen i Litlebergen. Det vil difor vert villeiande å bruka Litlebergen på dykkar eigedom.

Dykkar bustad vert tildelt Nordsundet 20, då huset ligg ca 200 m frå der adressevegen Nordsundet tek til. Dette er tildelt etter avstandsprinsippet om 1 adressenummer pr 10 meter. Seinare utbygging kan føre til at adressa kan verta endra.

Skrivemåten for stadnamn er regulert i *Lov om stadnamn*, og tildelt adressenamn er godkjend av Namnekonsulentane for Vestlandet, og vedteke i Meland kommunestyre.

Vedtak på adressenamn kan ikkje påklagast, men det kan klagast på husnummertildeling og kva adresseparsell bygning/eining høyrer til.

Meland kommunestyre har i KS 054/08 vedteke at adresseparsellen skal ha adressenamnet **Nordsundet**.

Vurdering:

Skilting.

Etter felles vedtekt til § 105 i plan- og bygningslova (sjå vedlegg) for kommunane i regionen Nordhordland og Gulen, ligg det til Dykk å gjere eigedomen si adresse synleg ved tilfredsstillande adressenummerskilt. Skilt og plassering skal tilfredsstillende lovkrava.

I visse tilfelle kan det vere aktuelt at huseigar i tillegg til standard husnummerskilt på huset eller ved innkøyringa, også set opp supplerande tilvisingskilt.

Det skal nyttast standard husnummerskilt. Dei aktuelle skilta kan kjøpast eller tingast i vanlege jernvarebutikkar eller direkte hos eit skiltprodusentfirma.

Av omsyn til redningsinstansane og ukjende som skal finne fram, skal skiltinga vere utført så snart som råd og seinast innan 4 mnd. Ved nybygg før bygget vert teke i bruk.

Posten.

Den tildelte adressa vert også postadresse dersom ikkje postboks eller anna er avtala med Posten. Posten er informert om adresseendringa og treng ikkje eigen melding, men Posten ønskjer at andre kontaktar vert informert om den nye adressa på eigna blankettar som ein får på postkontoret. Spørsmål til Posten kan rettast på kundeservicetelefon 810 00 710 eller internett www.posten.no Informasjon.

I vedlagte brosjyre **Orientering om adresser i regionen Nordhordland og Gulen**, finn du informasjon om bakgrunn for adressetildelinga og korleis adresse har vorte tildelt. Informasjon finn du også på www.meland.kommune.no under informasjon – adressetildeling.

Kva gjer ein om ein ikkje er nøgd med adressa.

Kommunen har mynde til å endre ei adresse og ein adresseparsell ut frå overordna omsyn til forvaltning av adresseverket. Ei adresse skal vere i samsvar med gjeldande infrastruktur og er difor gjenstand for endring.

Etter reglane kan ein klage på sjølve nummertildelinga eller kva for veg huset skal ha si adressetilknytning

til. Det er berre eigar som kan klage og klagefristen er tre veker etter varsel om endring.

Ev. klage skal stilast til Fylkesmannen i Hordaland, men sendast Meland kommune.

Kommunen kan yte hjelp og anna rettleiing for den som ønskjer det.

Vedtak

”Meland kommune har i samsvar med gjevne retningsliner gjort følgjande adressesetildeling:

Gnr	Bnr	Vegnavn	Tildelt husnummer
26	106	Nordsundet	20

Vedtaket er gjort i medhald av Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova – i kraft 01. jan. 2010) § 21 og tilhøyrande forskrift kap. 12, og felles kommunale retningsliner til lovheimelen for kommunen i regionen Nordhordland og Gulen.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Kommunen registrerer vedtaket i det nasjonale adresseregisteret Matrikkelen dersom vedtaket ikkje er påklaga innan fristen.

Saka er handsama og godkjent administrativt i medhald av delegert mynde.

Med helsing

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Anny Bastesen
Sektorsjef Teknisk

Vedlegg:

Nordsundet_20